



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende enhet: Region vest	Saksbehandler/telefon: Knut Helge Olsen / 55516534	Vår referanse: 15/226409-2	Deres referanse: 2015/9804-1	Vår dato: 04.11.2015
-----------------------------------	---	-------------------------------	---------------------------------	-------------------------

Skilting av vegstrekninga Hordvik – Salhus

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 24. september 2015 vart det teke inn under open time følgjande forslag frå Mona Røsvik Strømme (H):

«Veistrekninga Hordvik–Salhus har en smal veibane og en krevende trafikkbelastning. Fylkesutvalget vil be om vurdering om skilting av gjennomkjøring forbudt mellom 7–9 og 15–17, av hensyn til skolebarn og beboere.»

Ansvar for trafikktryggleik, og skilting, på denne vegstrekninga – Fv 243 Tellevikvegen – ligg til Hordaland fylkeskommune, og vert forvalta av Statens vegvesen.

Telleviksvegen har noko gjennomgangstrafikk, oftast knytt til rushtrafikk, når trafikk på E39 mellom Klauvaneset og Vågsbotn er saktegåande. Tilhøva har uroa lokalmiljøet, og det har kome fleire forslag om tiltak for å bøte på utfordringane.

På oppdrag frå Bergen kommune, utarbeida Statens vegvesen i 2009/2010 ein rapport kor stenging av Telleviksvegen vart vurdert. Etter høyring med partane (offentlege etatar og nærmiljø), konkluderte Statens vegvesen med at ei stenging ville ha større ulempe enn nytte. Særleg vart ulempene knytt til nærmiljøa, og framkomme for ambulansar, brannbilar mv.

Framlegget vart å halde vegen open, som ei kortsiktig løysing. Trafikktryggleiken blei teken i vare med avbøtande tiltak. Til dømes fikk heile vegen ei fartsgrense på 30 km/t og humpar. På lengre sikt forventar Statens vegvesen at bygging av ny riksveg ville redusere trafikkbelastninga til eit akseptablet nivå.

Dei framlagte tryggleikstiltaka blei gjennomført i 2012. Risikonivået for alvorlege ulukker er difor redusert på strekninga.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Spørsmålet har vore drøfta med politiet i oktober 2013. Politiet fann ikkje å kunne stille seg bak eit framlegg om skilta gjennomkjøringsforbod. Dei synte til at handhevinga av eit forbod ville verte særst vanskeleg, og at deira erfaring var at mange trafikkantar ikkje ville respektere ei slik skilting.

Saman med Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og politiet, utarbeida Statens vegvesen ein rapport knytt til trafikktryggleik for skulekretsane Mjølkeråen, Salhus og Hordvik. I denne rapporten vart det ikkje foreslått ytterlegare tiltak på Fv 243 Tellevikvegen. I 2014 vart det gjennomført fartsreducerande tiltak på Fv 564 Salhusvegen. Utvida 30-sone til fotballbana, samt nedsett fartsgrense og humpar ved gangfelta mellom Salhus og Støbotn.

Statens vegvesen har gjennomført trafikkmålingar før og etter gjennomføringa av tiltaka. Første trafikkmåling blei gjennomført i våren 2014, og ny måling gjennomført våren 2015. I etterkant av desse målingane vart mellom anna følgjande trykkleikstiltak gjennomført:

- Fv 564 utvida 30-sone frå Salhus skole til idrettsplassen
- Fv 564 fartsdempande tiltak ved gangfelta i Salhusvegen mellom Salhus og Støbotn
- Ev 39 ny Eikås-tunnel
- Ev 39 signalregulert kryss på Hylkje
- Ev 39 signalregulert gangfelt ved Bergen landsfengsel.

Trafikkmålingane synar at trafikkmengde på Fv 243 Telleviksvegen ved Klauvaneset er redusert med om lag 32,5 % frå 2014 til 2015. Frå 3379 til 2190 køyretøy i snitt på kvardagar, og frå 2126 til 1530 køyretøy i snitt på helgedagar. Den største reduksjonen er trafikk i sørgående retning på kvardagar med 37,1%. Statens vegvesen har grunn til å tru at summen av tiltak har medvirka til nedgangen.

Hordaland fylkeskommune har ikkje prioritert ytterligare tryggleikstiltak eller trafikkregulerande tiltak på Telleviksvegen i byggeprogram eller handlingsplan for trafikksikring 2014–17.

Ut frå den grundige arbeidet som har vore gjort i høve til spørsmålet om gjennomkjøringsforbod dei seinare åra, er det etter vår vurdering ikkje aktuelt å handsama spørsmålet alt no. Statens vegvesen vil halde fram med å følgje med på korleis trafikken utviklar seg på Telleviksvegen og gjennomføre nye trafikkmålingar i tida som kjem.

Vegavdeling Hordaland
Med hilsen

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Olsen Knut Helge
Seniorrådgjevar

Kopi

Hordaland fylkeskommune, Samferdselavdelinga Hordaland Fylkeskommune Postboks 7900,
5020 BERGEN

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.